



## Notat

Dato: 29.08.2018  
Arkivsak: 2014/22155-10  
Saksbehandlar: katclar

---

**Til:** Fylkesutvalet 19.09.2018  
Utval for Opplæring og helse 16.10.2018  
Utval for miljø og samferdsel 17.10.2018  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling 22.10.2018

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Rapport frå årsmøte i Nordsjøkommisjon 2018

### Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune er medlem i Nordsjøkommisjonen (NSC). NSC er ein politisk organisasjon som blei oppretta i 1989 som ein arena for regionar rundt Nordsjøen kor dei kan samordne interessene sine, utveksle erfaringar og utvikle politikk. Organisasjonen er ein av seks europeiske kommisjonar under paraplyorganisasjonen, «Conference of Peripheral and Maritime Regions» (CPMR). Både CPMR og Nordsjøkommisjonen tilbyr fylkeskommunar frå ikkje-medlemslandet Noreg, eit unik handlingsrom for påverknadsmoglegheit når det gjeld den europeiske dagsorden med relevans for Nordsjøområdet.

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet «North Sea Region 2020». Strategien vert operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske arbeidsgruppene. Hordaland møter, når det er mogleg, med politisk representasjon i alle dei 4 arbeidsgruppene. Gruppene arbeider med politikkutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap. Dei er difor ein viktig arena for politisk nettverking med våre nærmaste samarbeidsregionar og gir også gode høve for fagleg utveksling.

Tilegare fylkesordførar, Tom-Christer Nilsen (H), blei vald som president i organisasjonen på årsmøtet juni 2014. Hordaland dreiv difor sekretariatet for organisasjonen frå juni 2014 til august 2016. Kirsten Brunnstrøm frå Västra Götaland tok over som president i 2016 og blei vald for ein ny to-års periode på årsmøtet i juni. Andreas Leirvik (Ap) frå Østfold blei også vald for ein ny periode som ein av to vise-presidentar.

Styringskomitéen (Executive Committee (ExCom)) leiar Nordsjøkommisjon og har ein representant frå kvart land som har regionar som er medlem i organisasjonen. Marianne Chesak (Ap) frå Rogaland er norsk medlem (Åshild Kjelsnes (Ap) er norsk vara). Det overordna avgjerdsorganet er Årsmøtet som finn stad kvart år i juni i samband med Nordsjøkonferansen. Fylkesutvalet har vedtatt at det skal leggjast fram ei orientering med informasjon om sakar og vedtak etter kvart årsmøte.

Dette notatet inneheld ei kort orientering om dei viktigaste sakene som ble handsama på årsmøtet i Fredrikstad, 13. juni. Sidan fylkestinget i Hordaland var på same dag, deltok administrasjonen (Internasjonal gruppe) på årsmøtet i år, utan politisk deltaking.

## Orientering om dei viktigaste sakene

Meir detaljert informasjon finst i saksutgreiingar for møtet som leggjast fram som vedlegg til denne meldingssaka.

73 personar deltok på årsmøtet frå 26 medlemsregionar. Om lag 30 av disse var politikarar. Det var, i tillegg, gjestar og observatørar frå CPMR, Interreg Nordsjøprogrammets sekretariatet, KIMO og Provins Vest-Flandern til stades. Følgjande norske medlemsfylke vert representert på møtet: Aust-Agder, Buskerud, Hordaland, Møre og Romsdal, Rogaland, Telemark, Trøndelag, Vest-Agder, Vestfold, Østfold, samt Østlandssamarbeidet.

Saker som stod på agendaen var: rapportar frå dei tematiske gruppene, Task Force for Brexit og Interreg Nordsjøprogrammet i tillegg til årsrapport, handlingsplan og kommunikasjonsplan for 2018, rekneskap 2017, budsjett for 2019, val av president og ein vise-president, politiske avgjersler og slutterklæring.

1. Rapportar frå arbeidsgruppene under kvar av dei 4 tema under strategien «North Sea Region 2020»

Marin ressursgruppe

Leiar: Anders Fasth (Västra Götaland)

Gruppa har fått ein ny rådgjevar, Yolanda Schmal frå Nederland. Fasth informerte om at gruppa deltok i eit digitalt spel om maritim arealplanlegging i regi av Interreg-prosjektet NorthSEE. Gruppa har også skrive ein politikkposisjon som omhandlar vern av det marine miljøet. Dette er grunnlag for resolusjonsforslaget om plastforsøpling til årsmøtet. Gruppa var elles representert på eit møte arrangert av Europaparlamentets gruppe for kyst og hav – SERICA, med deltaking på høgt politisk nivå. SERICA-møtet var i samanheng med «Oceans Plastics Lab» i Brussel i april.

Gruppa foreslo óg ein samarbeidsavtale med KIMO (Kommunes internasjonale miljøorganisasjon). Presidenten frå KIMO deltok på årsmøtet. KIMO var opphavleg ein norsk organisasjon og har i dag 70 medlemmar frå Nordsjøområdet. Organisasjonen jobbar hovudsakleg med reduksjon av plastforsøpling i havet og med fiskeriinteresser. Det er derre ingen norske medlemmar i organisasjonen i dag. Avtalen har fokus på samarbeid på tiltak mot plastikkforsøpling og forureining. Dei to organisasjonane skal dele informasjon og koordinere lobbyarbeid. Forslaget til avtalen vart samrøystes vedtatt.

Transportgruppa

Leiar: Preben Friis-Hauge (Sør Danmark)

Gruppa følgjer utviklinga i EU's transportpolitikk tett, spesielt i samband med det nye budsjettforslaget frå Kommisjonen og endringar som kjem under mobilitetspakken og handlingsplan for sjømotorvegar. Gruppa er tilfreds med at Kommisjonen foreslår å forlenge transportkorridoren som heiter «ScanMed» vidare til Fredrikshavn og Hirshals – noko som gruppa har arbeidd lenge for.

Energi- og klimagruppe

Leiar: Jimmy Gray (Highlands and Islands)

Gruppa har brukt tid på oppfølging av fire prioriterte satsingsområde: innovasjon og lågkarbon teknologiar / energieffektive løysingar, teknologiar for lågare utslepp inkludert bruk av hydrogen og bio-drivstoff; diskusjonar rundt regionale tiltak for klimatilpassing og lobbyarbeid for eit nordsjønett for strømoverføring (North Sea Grid). Gruppa ønskjer å samarbeide med dei andre gruppene i NSC kor det er felles interesser.

Smart Regions gruppe  
Liear: Barney Crockett (Aberdeen City)

Gruppa må finne ein god arbeidsmetode sidan den dekker fleire politikkområde – migrasjon og integrering, kulturvern, kystturisme mm. Gruppa har også arrangert ein workshop om «digital økonomi». EU-kommisjonen set fokus framover på rolla til smart spesialiseringstrategiar i regionalpolitikken, dette er relevant for dei norske medlemmane. Gruppa har planar om å finne synergier i desse temaene.

## 2. Oppdatering frå «Brexit Task Force» (BTF)

BTF følgjer Brexit-forhandlingane og jobbar med konkrete saker med relevans for Nordsjøområdet. BTF har hatt tre møte sidan juni i fjor. Dei fleste medlemsregionane har deltatt og har gitt innspel til diskusjon rundt korleis Brexit kan påverke framtida til Nordsjøregionen. Nye handelsavtalar kjem til å ha stor betydning for næringslivet og verdikjedar i medlemsregionane. Fleire av medlemmane har utarbeidd ein analyse som kartlegg konsekvensane av nye handelsbarrierar. Rapportane viser at fiske og fiskeforedling blir spesielt negativt påverka, men at Brexit også har konsekvensar innanfor energi, mat og turisme. NSC har laga ei uttale kor dei presiserer at Storbritannia er framleis ønska som partnar i det nye forskingsprogrammet (Horizon Europe) og framtidas Interreg-program. Framtidig deltaking i begge desse programma har stor betydning for norske regionar og aktørar. CPMR jobbar også med nye relasjonar til Storbritannia etter Brexit og har skrive ein politisk deklarasjon, «Cardiff Declaration», som NSC har slutta seg til og som er eit vedlegg til denne saka.

## 3. EU-budsjettet 2020-2027

CPMR-deirektør, Gregg Jones, presenterte CPMR sine tankar rundt det nye forslaget til EU-budsjettet for perioden 2020-2027. Budsjettet har tittel "A Modern Budget for a Union that Protects, Empowers and Defends" og har 8 hovudbudsjettlinjer, til dømes samhørighetspolitikken, miljøpolitikken, transportpolitikken og tryggleik og forsvar. Jones meinte at forslaget er tydeleg prega av konsekvensane av Brexit. Budsjettvinnarar ser ut til å vere det nye forskingsprogrammet (Horizon Europe), ERASMUS+ - programmet for ungdom, utdanning og idrett, (viktige program for Noreg og Hordaland), miljøprogrammet LIFE (kor Noreg ikkje deltar) og migrasjonspolitikken. Kommisjonen foreslår kutt i samhørighetspolitikken, som finansierer Interreg, samt jordbruk og fiskeri. Jones så på det som positivt at Interreg held døra open for at Storbritannia kan delta i tillegg til andre ikkje-medlemsland som Noreg. Deltaking frå Storbritannia i dei andre store programma til EU ser ut til å vere meir avgrensa foreløpig.

## 4. Oppdatering frå Nordsjøprogrammet

Sekretariatsleiar, Christian Byrith, presenterte status for programmet og delte tankar rundt planane for neste programperiode i Interreg. Inndeling i programområdet er under diskusjon og det er ikkje sjølv sagt at det blir eit nytt Nordsjøprogram etter 2020 eller at Noreg vel å delta. Det er medlemslanda som avgjer dette. Diskusjon i plenum viste at medlemsregionane har interesse av å fortsetje eit samarbeid gjennom eit nytt Nordsjøprogram.

## 5. Ein ny NSC Nordsjøstrategi

Årsmøtet i fjor bad styret om å starte prosessen med å utarbeide ein ny strategi for NSC, som skal vere gjeldande frå 2020. Styret vedtok ein plan og ei tidslinje for prosessen på møtet i Kiel i mars. Sekretariatet har også gjennomført ei spørjeundersøking blant medlemmane. Forslag frå styret om å nedsette ein "strategy task force" med deltararar frå sekretariatet, dei tematiske rådgjevarar og

tenestemenn frå land som elles ikkje er representert, vart samråystes vedtatt. Styret fungerer som styringsgruppe.

Ein diskusjon rundt lengde for ein slik strategi, omfang og tema, kva for utfordringar strategien skal omhandle og trøng for betre underlagsinformasjon kom ikkje til nokre konkrete konklusjonar. Dette må arbeidsgruppa som er nedsett, jobbe vidare med.

## 6. Økonomi

Årsmøtet godkjente rekneskap for 2017 og budsjett for 2019. Budsjettforslaget for 2019 inneber at kontingensten blir auka meed 1,5 % i tråd med inflasjon. Den eine franske medlemmen har ikkje betalt medlemskapskontingent sidan 2015. Utgifter til drift av sekretariatet er høgare enn medlemskontingentane og regionen som driv sekretariatet har hittil teke ansvar for å dekkje underskotet i organisasjon. NSC har ei midlertidig løysing sidan Västra Göteland driv sekretariatet fram til slutten av 2021. NSC har i fleire år jobba med å finne ei berekraftig løysing for økonomien, utan resultat så langt. Styret kjem til å jobbe med forslag for ein ny modell for kontingen i samband med den norske regionreforma, noko som vil slå ut negativt for inntektene til NSC.

Årsmøtet vedtok å setje av 50.000 euro til å dekkje ekstra kostnader til arbeid med ein ny strategi.

## 7. Val

Kerstin Brunnström og Andreas Lervik hadde annonsera at dei tek attval som president og som visepresident. Det var ingen motkandidatar.

Marianne Chesak, Rogaland og Åshild Kjelsnes, Sogn og Fjordane, vart bekrefta som norsk styremedlem og vara. Kåre Pettersen, Vestfold, er 2.vara.

## 8. Politiske resolusjonar

Årsmøte samråystes 2 politiske resolusjonar og ei slutterklæring frå møtet.

**8.1 Resolusjonsforslag frå Marine Resources Gruppe omhandla plastforureining i havet.** I gjennomsnitt finst 18.000 plastpartiklar for kvar km<sup>2</sup> på Nordsjøens overflate. Det er aukande med vit internasjonalt og i Europa om trøng for å motverke plastforureining. EU-kommisjonen lanserte den første europadekkande plastikkstrategien i 2018. Ambisjonen er at all plast på EU-marknaden skal vere gjenbrukbar innan 2030. Resolusjonen oppmuntrar til betre kunnskap, samarbeid og deling av tiltak som kan motverke plastforureining i Nordsjøen.

**8.2 Resolusjonen frå Transportgruppa omhandla ei forlenging av «Scan-Med» transportkorridor vidare til Frederikshavn og Hirtshals.** EU-kommisjonen kom med eit slikt framlegg allereie før resolusjonen. Resolusjonen ber også den norske regjeringa å sikre at veg og baneforbindelsar til hamnene i Sør-Norge møter krav og standardar til TEN-T og utviklinga på den danske sida av Jyllandskorridoren.

**8.3 Slutterklæring frå Årsmøte er vedlegg til saka og har følgjande overskrift:**

- sikre godt samarbeid i Nordsjøområda etter Brexit
- sikre framleis EU-fokus på marin forsøpling
- forslag til inndeling og organisering av dei nye Interreg-programma
- sikre gode transportsamband og tilgjengeleghet i Nordsjøområd